



# HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for januar 2017.

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK

Årgang  
52



---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Eileen Brandad Hareide  
Visepres: Sverre Jarl Ulstein  
Sekretær: Arne G. Aschehoug  
Kasserar: Hanne Rognan  
Past pres: Bernhard Harkjerr  
Styremedlem: Vegard Gjerde  
Styremedlem: Bjørn Teigene  
Ansv.red.: Vigdis Riise  
Referent: Vigdis Rise

---

---

Februarmorgen ved Golfen

Ind under himlen, den blaa, der synes  
saa nær, saa nær,  
er skredd et under: De hvite blomstrende  
mandeltrær.

For aldrig saa jeg dog før paa jorden  
et syn saa hvitt.  
Det dufter av dem i morgensolen,  
men ganske litt.

Det skinner av dem, til alle tanker  
sig vider ut  
og majestætisk et tempel hvælver  
i tak til Gud --

hvor engler flagrer, hvor længsler mættes  
i nyfødt sang.  
Min sjæl forklares, og se, jeg knæler  
for første gang.

Nils Collett Vogt

---

## REFERAT FRÅ MØTE I HAREID ROTARY 2.01.17

mandag 02.01 var det programfritt møte, men trf-nemnda hadde møte, der møtte Sverre Jarl Ulstein, Hanne Rognan og eg.

Temaet var Mama Clara.

## REFERAT INTERCITY-MØTE ULSTEIN ROTARY 16.01.17

President Otto Kjetil Nyttun innleia møtet, og Karin S.Holstad fekk informere litt om Mama Clara som no er godkjent som District Grant prosjekt.

Foredrag av Vegard Brandal om Grønland.

De som har følt hva livet bland tinderne  
Er eller kan være for et menneske,  
Behøver ikke at læse om det, og de,  
som aldrig har følt det,  
vil saa allikevel ikke forstaa.  
CWRubenson, 1914

Han fortalde om første turen til Grønland i 2011. Han har vore der 3 turar. Ein god del logistikk som skal på plass for å få gjennomføre ein slik tur. Det å hugse å ta med alt som er nødvendig. Vanskelig å sove siste døgn, har ein hugsalt☺

26 dagar kan ein tur over Grønland ta.

Han prøvde å formidle litt av følelsen av å få oppleve ein slik tur, å kome til endes på ein slik tur, korleis fortelle om slit, svette, landskap, is, snø, naturopplevelser osv. Det må berre opplevast for å forstå det.

Pulkane er ofte 80kg for menn, 60-70kg for damer.

Alt du trengje å gjere det er å forberede dagen etter, for alle dagar er like.

Du trengje ikke å forberede dag 8, dag 4.

Går 9-10 timar pr dag., går i ca. 11 økter, med 5min. pause innimellom.

Dei avslutta i ein liten landsby som heiter Isoltork.

Det var eit fantastisk interessant og kjekt foredrag. Mange av dei framsmøtte, nytta høvet til å stille spørsmål om turen. Skal du ut på tur over Grønland med Fram ekspedisjon, må du rekne med ca. kr.100 000.



## REFERAT FRÅ MØTE I HAREID ROTARY 23.01.17

Program: TRF-komiteen presenterer Mama Clara v/Karin Svendsen Holstad

Etter å ha fått nei frå tfr ansvarleg i distriktet til å starte Mama Clara prosjekt som Global Grant, (begrunnelse var at dei ikkje støttar renovasjon av barneheimar), anbefalte dei oss å søke om District Grant.

- Då sendte vi inn søknad i november, om å få eit District Grant prosjekt. Dette er eit enklare prosjekt å få gjennomført, men det får heller ikkje tilført so mykje midlar. HR er godkjent frå trf, til å gjennomføre eit internasjonalt prosjekt, og vi har opna konto for Mama Clara. President Eileen Hareide Brandal, innkomande president Sverre Jarl Ulstein, og Karin Svendsen Holstad som leiar i tfr-komiteen HR er prosjektleiar. Heile trf-komiteen skal vere gruppa som arbeider fram prosjektet.

0 I søknaden sette vi opp eit budsjett for renovasjon av kjøkken, som til gjeldende dollarpris, kjem på kr.134 400.

1	Budsjett:	Støtte frå Distriktet	kr. 15 000
		• Egenkapital	kr. 4 000
		Annen finansiering	kr. 45 000
		Lotteri / anna aktivitet	kr. 15 000
		Egenandel MamaClara(innsamla midlar)	kr. 55 400
		<b>Totalt</b>	<b><u>kr. 134 400</u></b>

- 15.12.16 fekk vi godkjent prosjektet som District Grant, og vi er i gang.

- 02.01.17 hadde trf-komiteen, ved Sverre Jarl Ulstein, Hanne Rognan og Karin S.Holstad møte, der vi starta planlegging av prosjektet. Her delegerte vi også arbeidsoppgåver. Desse er vi no i full gang med. Ide-myldring om korleis samle inn midlar, m.a. løp/andre aktivitetar på Rotary-stien.
- Viktig å ha ein god plan for gjennomføring, og prate med andre som har gjennomført liknande prosjekt.
- Prosjektet går over 2 år, frå 15.01.17 – 15.01.19
- Karin informerer om prosjektet på intercity-møte i Ulstein Rotary 16.01.17

-Korleis får vi utbetalt Distrikt Grant midlar? Vi må få godkjenning frå TRF før utbetaling kan skje. Situasjonen som har oppstått er at ein av søkerane har trekt seg og det er mulig at dei resterande får meir støtte.

-Erna Berg Rogne har sendt brev til Barneheimen, med kopi til Lizette Chaves som bor i Arequipa (ho er Ernas nære venn og medhjelpar der, og får no spørsmål om ho kan vere ansvarleg for prosjektet der, ho er advokat). I dette brevet forklarar ho barneheimen at Rotary vil gi støtte til renovasjon av kjøkken på barneheimen, og at dei må finne ein ansvarleg person som ser på kostnadsoverslag, og har ansvar for prosjektet. Viktig her at dei forstår at vi må ha bilag før utbetaling når arbeidet er gjort. I dette brevet blir det også bedt om fleire tilbud, for å få eit 'rett tilbud'.

Erna kom heim frå Peru no rett før jul, etter 4 veker. Då besøkte ho barneheimen fleire gangar, og ho hadde med seg nokre av borna på handel. Det viste seg at dusjane hadde kun kaldt vann, så ho kjøpte solcelle-panel og fekk ein tekniskar frå Arequipa til å montere dette. Han reparerte også andre solcelle-panel som var ute av stand. Dette vart betalt av innsamla midlar som ho hadde med.

Ei av jentene, Ruth, har store helseproblem etter å ha vakse opp i ein ku-fjøs. M.a. heldt ho på å miste synet av eit virus. Medisin til henne kostar ca.kr.10000 pr.år, og dette sette Erna på eigen konto som Lizette disponerer, og ho er med henne til legetimar i Arequipa.

#### Framdrift:

- TRF-komiteen i HR har medlemsmøte om Mama Clara 23.01.17
- Sverre Jarl Ulstein som innkomande president, presenterer prosjektet på Pets i mars.
- Hanne vil sette opp ein tidsplan og økonomiplan, dette for å ha ei god oversikt.
- I første omgang må Erna garantere for at ho dekkjer inn restkostnad som vi ikkje klarer å samle inn. Men vi håper og trur at vi får med oss så mange klubbar at vi klarer å dra lasset ilag.
- Kanskje vi kan tillate oss, sidan det er 2 rotary-år, å kunne be om f.eks. kr. 5000 i 2 år, då hadde vi vore klar til å renovere kjøkkenet hausten 2018, med ferdigstilling jan.19.
- Då skal det sendast inn ein 'ferdig-rapport'.

So jobben vår no vert å informere klubbane rundt oss, og be om støtte til dette prosjektet. Det hadde vore fantastisk om dei fekk bytta ut det 'kjøkkenet' dei har, gamle ømnar, vaskar med masse bakteriar, osv. Vi tenkte då at til fleire klubbar vi er, til bedre er det. Viktig at vi i HR informera, og inkluderar dei klubbane som støttar oss, slik at alle får eigarskap i prosjektet. Markedsføre oss i lokalpressa!!!

På slutten av møtet vart det diskutert kor mykje, og korleis HR skal finansiere egenandel til prosjektet. Det vart ved handsopprekking, einstemmig vedteke at vi legger på kontingenten med kr.500 pr.år pr.medlem i 2 år.

#### **REFERAT FRÅ MØTE I HAREID ROTARY 30.01.17**

Siste møtet i månaden var det programfritt møte